

# ÅRSMELDING

## for Rasdalen grendalag

**2008/2009**

### Innleiing

Årsmøtet for 2007/08 vart avvikla i grendahuset 20.03.08. På dette årsmøtet vart det vedteke at det sitjande styret skulle halda fram i eitt år til.

#### **Styret har då vore samansett slik :**

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Ingfrid Rasdal, Arild Skjelbred, Frøydis Eide og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Frode Tufte, Paal Rasdal

Revisor : Bergljot Tufte

Valnemd : Jan Olav Larsen (1 år), Geir Rasdal (2 år)

### Møteverksemd

Også dette året har det vorte halde to styremøte i grendalaget. Det første møtet var som vanleg halde ut i mai, tidspunktet var denne gongen **23.05.**

Det andre styremøtet gjekk av stabelen **10.10.**, begge møte med 9-10 saker på saklista.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på eit utsnitt av dei sakene det siste året som me i styret synest er viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

### Informasjon

Som tidlegare nemt i årsmeldingane, er det berre å logga seg inn på Rasdalssidene, [www.rasdalen.no](http://www.rasdalen.no), som Arild er ansvarleg for. Han er ofte oppe i dalen, og då vert det lagt ut bilete og annan nyttig informasjon – til

glede for alle dei som er interesserte i Rasdalen. Han får også til tider bilete og informasjon (sms) frå andre informantar, og dette er han interessert i at det kan verta meir av.

Grendalaget har også eigne sider her, og dei håpar me folk også er inne og ser på. For tida er det 15 ulike skriv å studera når du klikkar deg inn på "grendalaget". Denne årsmeldinga vert også lagd ut på dei same sidene etter at ho er godkjend av årsmøtet. Viktig informasjon vert også kunngjort som oppslag rundt omkring.

## **Saker det har vore arbeidd med**

### **\* Bibliotek/boklån i grendahuset**

Dette har det vore arbeidd med i 2008, og planen er at opplegget med boklån skal vera i funksjon frå våren 2009. Det er kjøpt inn to bokhyller, og det er også kome inn mange bøker til dette "biblioteket". Så er det å håpa at dette kan verta litt til glede for folket i dalen.

### **\* Dugnad 24.05.08**

Denne dugnaden gjekk i hovudsak på innvendig og utvendig måling. Det galdt kjøkkenet og diverse utvendig måling – også på uthuset. I tillegg vart det rydda, montert hyller m.m. Etter kvart vart det mange som kom og tok eit tak denne dagen, det var minst 15 personar på det meste. Fellesmåltid hadde me sjølvsagt også, denne gongen utandørs i ganske fint ver.

### **\* Pussing av pipa**

Denne jobben vart utført sommaren 2008, og pipa vart mest som ny. Det vart eit ganske stort og omfattande arbeid, for pipa er ikkje av dei minste – og er i tillegg heller vanskeleg tilgjengeleg. Men med hjelp av ein lift og ekspertise utanfrå vart dette arbeidet godt utført.

### **\* Sommarfesten 2008**

Festkomitéen hadde som vanleg laga ei grei ramme rundt denne festen. Denne gongen var det laga til koldtbord – i tillegg til allsong, åresal – og ikkje minst : tid til at folk fekk preika i lag. Neste gong sommarfesten vert

arrangert, vil det verta lagt meir vekt på å delegera dei ulike arbeidsoppgåvene. Inntektene på denne festen er viktige for grendalaget, og i fjor fekk me inn ca 10.200 kr på inngangsbillettar og åresal. Elles er me stadig av den oppfatning at tradisjonen med sommarfest er viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen.

### **\* Kjøkkenet m.m.**

Innkjøpet til nytt kjøkken vart gjort hausten 2008. I tillegg til sjølve kjøkkenet er det også kjøpt inn ny oppvaskemaskin og nytt kjøleskåp. Det er også kjøpt inn tre varmeomnar som skal monterast i kjellaren og i stova. Når det gjeld innkjøp, er det også kome på plass to bokhyller og ein leselampe.

Det som no gjenstår, er å få montert kjøkkenet og å få alt på plass – inkludert vatn og straum. Dette vert hovudutfordringa som grendalaget har i tida framover. Planen er at dette kan vera gjort i løpet av dei nærmaste månadene, så her må styret berre ta tak og organisera arbeidet framover.

### **\* Påskebasaren**

Denne basaren, som vert arrangert påskeaftan, har for lengst funne si form, og basaren er utan tvil den viktigaste økonomiske "melkekua" for Rasdalen grendalag. Basarkomiteén er svært rutinerte, og dei skal også ha honnør for godt utført arbeid gjennom mange år. Folk har også vore flinke til å gje gevinstar til åresalet. I samband med dette vil styret få presisera at til påskebasaren treng ein ikkje så store og dyre gevinstar. Derimot til åresalet på sommarfesten ynskjer me berre ein gevinst frå kvar husstand/hytte, men denne gevinsten bør vera av ein litt meir eksklusiv kvalitet og høgare verdi.

### **\* Økonomien til grendalaget**

Dei siste åra har me hatt ei kjensle av å ha ein viss kontroll med økonomien. Inntekter og utgifter har har "oppført" seg på kontrollert vis, og det gjer det også lettare for styret å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. I fjor haust gjorde me ein god del investeringar i kjøkken og diverse utstyr, så dermed er det "berre" ca 3.300 kr på kontoen til grendalaget. Men me reknar med at me som vanleg får eit godt påfyll allereie no på påskebasaren. Elles kjem kasseraren attende til dette emnet under "Rekneskap" på saklista.

## \* Småkraft si utbygging

Arbeidet har gått sin gang i løpet av det siste året, og det har også kome informasjon som grendalaget har lagt ut. Det vil verta gjeve meir informasjon om denne utbygginga litt seinare på dette årsmøtet. Det som styret i grendalaget vil ha som målsetjing, er at vegen opp til Rasdalen skal vera i god stand når utbygginga er ferdig. For oss er det viktig at vegen ikkje vert privatisert – og at me får ein veg som er godt framkommeleg og vert halden ved like.

## Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

Også i dette året har det vore ein god del aktivitet i grendalaget sin regi. Det har vore nok saker å arbeida med gjennom denne perioden, og me kan konkludera med at det har vore eit ganske godt arbeidsår. Som det tidlegare har vorte kommentert, så er det ein føremon å ha eit styre som kjenner Rasdalen godt, og som i tillegg ganske ofte er å sjå i dette området. Som leiar synest det har vore godt å ha kontinuitet i arbeidet med Rasdalen grendalag desse åra eg har fungert. Men det er også viktig at me ikkje "stivnar" til, så etter kvart vert det viktig å sleppa til nye og yngre krefter i styret.

Hovudsatsinga i tida framover vert å få på plass eit nytt kjøkken. Det er på høg tid å få skifta ut det gamle "kjøkkenet" – det er ikkje så mykje å tilby dei som er interesserte i å leiga grendahuset. Økonomien til grendalaget er heldigvis ikkje prega av bankkrisa, så derfor er det rom til å gjera slike investeringar.

Avslutningsvis er å seia at grendalaget vonar at det framleis vert aktivitet og liv i dalen, og at alle som har tilhørigheit her til vil trivast godt i lag. Det å ha ein del møteplassar som t.d. sommarfesten, påskebasaren og dugnader, er viktig for samhaldet og det sosiale livet i dalen. Så desse aktivitetane og arrangementa må me syta for skal halda fram.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal  
leiar

02.04.09

